

Referat frå styremøte nr. 4-2015

Dato: 24.06.2015

Tid: kl. 09.00 – 12.00

Til stades:

Frå styret:

Styreleiar Anders Riise, Hareid kommune
Nestleiar Geir Ove Vegsund, Sula kommune
Styremedlem Eva Kristin Fjørtoft, Sandøy kommune
Styremedlem Wenche Solheim, Ørsta kommune
Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes, Ørskog kommune (kom kl. 10.00)
Varamedlem Marit Larssen, Giske kommune
Varamedlem Geir Inge Lien, Vestnes kommune

Frå administrasjonen:

Daglig leiar Jan Kåre Aurdal
Rådgivar Vegard Sperre Austnes
Kontormedarbeidar Trude Kolvik

Forfall:

Styremedlem Astrid Eidsvik, Ålesund kommune
Styremedlem Arild Iversen, Volda kommune
Varamedlem Bjørn Inge Ruset, Norddal kommune
Varamedlem Jan Berset, Ulstein kommune

Referent:

Trude Kolvik

Referatdato:

24.06.2015

Sak 24/2015: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt.

Ved styreleiar Anders Riise

Styreleiar ønska velkomen.

Innkallinga vart godkjent utan merknadar.

Som sak til eventuelt meldte dagleg leiar Jan Kåre Aurdal at han ville orientere om møter han hadde hatt på Stortinget 10.-11. juni angående Politireforma og val av lokalisering for nytt fengsel på Sunnmøre.

Mellom anna var han til stades under handsaming av saka om Politireforma i Stortinget.

Aurdal hadde samtalar med prosjektleiar for politireforma i POD Håkon Skulstad. Det avtalte møtet gjekk ut, men det vart avtalt eit nytt møte i månadsskifte juni/juli.

Medlem av Justiskomiteen Jan Arild Ellingsen frå Frp uttalte at politimeistaren mest sannsynleg vil sitje i Ålesund, men at dette ikkje er sikkert og må følgjast tett opp.

Jan Kåre Aurdal tok opp fengselsaken med Ellingsen. Han uttalte at konseptet som er lagt fram er for kostnadskrevjande, og at det må jobbast vidare med dette.

I saker som har interesse for Sunnmøre er det veldig nyttig å ha kontakt med sentrale politikarar i følgje Ellingsen. Det er ofte avgjerande å vere i dialog med dei. Andre regionar har hyppige møter med sentrale myndigheiter. Styret kommenterte at lobbyverksemd også bør vere eit satsingsområde i vår region.

Parlamentarisk leiar Harald T. Nesvik frå Frp uttalte i møtet at det først og fremst må jobbast med å få på plass tomte for nytt fengsel. Nesvik sa at regionrådet må vere veldig tydeleg i forhold til departementet om at det er semje om val av tomt.

Han sa vidare at tida er komen for å jobbe med å skaffe til veie midlar til planlegginga av nytt fengsel i Ålesund. Det vart diskutert i styremøtet om det skal det jobbast med å få inn midlar til planlegging i statsbudsjettet neste år eller i revidert budsjett.

Wenche Solheim meldte sak om kva ressursar kommunane kan forvente frå regionrådet i arbeidet med kommunereforma.

Ho informerte om at kommunane Ørsta og Volda er inne i felles arbeidsprosessar og forhandlingar der dei må avklare vanskelege spørsmål. Dei er inne i ein kritisk periode og treng ressursar no. Jan Kåre Aurdal informerte om at dei kan nytte rådgevar Erlend Krumsvik i dette arbeidet.

Styret vart einig om at kommunereforma må vere på sakskartet i styremøta framover, og at kommunane må få dei ressursane dei treng frå regionrådet i dette arbeidet.

Sak 25/2015: Godkjenning av referatet frå forrige styremøte (nr. 3-2015) 19.05.2015

Ved styreleiar Anders Riise

Referat frå forrige møte vart godkjent utan merknadar.

Sak 26/2015: Vidare drøfting av revidert strategi for perioden 2016 - 2018

Ved styreleiar Anders Riise og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal.

Administrasjonen la fram eit spissa forslag til revidert strategi for Sunnmøre Regionråd, jf. styresak 23/2015.

Vegard Sperre Austnes presenterte notat frå administrasjonen med forslag til revidert strategi. Notatet vart brukt som utgangspunkt for vidare diskusjon i møtet.

Det vart sagt i styret at strategien burde vore evaluert årleg.

Styret uttalte at kommunereforma tek mykje kapasitet i kommunane no. I samband med revidert strategi må det lagast ein plan for innsatsområder det skal arbeidast vidare med etter at dei innleiande fasane i kommunereformarbeidet er avslutta.

I notat til styret om revidert strategi tok administrasjonen opp om det burde lagast ein regional næringsplan.

Styret uttalte at eit slikt prosjekt er krevjande da både kommunane og fylket har eigne planar. Det vart også drøfta om man skal finne eit anna begrep i staden for næringsplan.

Administrasjonen foreslo at regionrådet bør ta initiativ til eit samarbeidsforum med næringslivet på ein fast arena. Styret drøfta i møtet korleis regionrådet kan lage noko som er interessant nok for at næringslivet ynskjer å delta, og korleis regionrådet kan skilje seg ut for å tiltrekkje seg dei ulike næringane. Ein bør også vurdere om regionrådet skal gå inn som medarrangør på konferansar som allereie er etablert.

Regionrådet har ei oppgåve med å bidra til at næringslivet har best mogleg rammebetingelsar og styret meinte det bør etablerast ein felles møteplass mellom næringsliv, kunnskapsinstitusjonar og regionrådet.

Det er stor interesse i næringslivet for kommunereforma, men det er lite informasjon frå regionrådet som når fram til bedriftene. Det vart foreslått i møtet at regionrådet kan arrangere ein konferanse om reforma for næringslivet.

Administrasjonen opplyste at dei vil besøke ulike næringar og bedrifter for å gjere seg meir kjent med næringslivet sine utfordringar.

Eit forslag frå administrasjonen som vart lagt fram var om representantskapet skal endre namn til Sunnmørstinget for å poengtere at det er ein arena for politikktutforming. Dette forslaget vart godt motteke i styret. Det vart i denne samanhengen uttalt at det er ei utfordring at ordførarane som sit i styret ikkje kan vere medlemmar i representantskapet.

Styret sa at samferdsel er ei svært viktig sak som må på dagsorden i regionrådet. Det er viktig at kommunane står samla om regionale prioriteringar.

Administrasjonen tok opp om det bør utarbeidast ein visjon for regionrådet. Styret sa ja til dette. Dei uttalte at visjonen må forankrast i formålsparagrafen og innehalde det som kjenneteiknar regionen. Den må ha eit budskap som folk kjenner seg att i og gje identitet. Visjonen må ikkje vere for lang og den må reflektere at vi er ein del av noko større. Medlemskommunane må involverast i utarbeidelsen.

Det vart sagt at å finne ein god visjon er krevjande og ein bør søkje profesjonell bistand. Saka om utforming av ein ny visjon vil styret kome tilbake til på neste styremøte.

Styret uttalte at regionrådet må vere nr. 1 på samfunnsutvikling og arbeidet med dette skal liggje til styret. Det interkommunale tenestesamarbeidet i regionrådet kan imidlertid styrast av rådmannsutvalet som rapporterer til styret. Styret var samd med administrasjonen at det bør veljast ein leiar i rådmannsutvalet.

Regionrådet kan ikkje nå alle innsatsområda som ligg i selskapsavtalen sjølv. Det må samarbeidast med næringslivet, fylket, læreinstusjonar og andre. Regionrådet må vere tydeleg i den samordnande rolla.

Styret meinte at regionrådet må fremje felles interesser overfor stat og kommune, og lobbyverksemd bør vere eit satsningsområde. Det vart tatt opp at det må vere ein målretta dialog med Mørebenken. Mørebenken må få konkrete innspel i ulike saker. Behandling av sakane må følgjas opp, og politikarane må gje tilbakemelding på kva som har blitt gjort.

Strategi og økonomi må hengje saman når det skal arbeidast med mål for revidert strategi. Det er utfordrande å nå alle måla som ligg i selskapsavtalen, og styret vil foreta ein gjennomgang av formål og vedtekter.

Administrasjonen konkluderte i notatet om revidert selskapsstrategi at Sunnmøre Regionråd IKS først og fremst bør utvikle seg som politisk samarbeidsorgan. Det er denne rolla som selskapet sitt namn reflekterer. Styret sa at dei vil drøfte saka vidare.

Drøftingane om revidert strategi held fram på neste styremøte 25. september 2015.